




HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

# Verksemdstrategi for Hordaland fylkeskommune 2016–2020

September 2016





# INNHALD

INNHALD.....	2
VERKSEMDSTRATEGI FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE.....	3
HORDALAND FYLKESKOMMUNE .....	5
DEI OVERORDNA MÅLA VÅRE .....	6
HOVUDSTRATEGIANE VÅRE.....	7
EININGANE SINE MÅL OG STRATEGIAR.....	9
KULTUR OG IDRETT .....	10
OPPLÆRING .....	12
REGIONAL.....	14
SAMFERDSEL .....	16
TANNHELSE .....	18
ØKONOMI OG ORGANISASJON .....	20
EIGEDOM.....	22
BYBANEN UTBYGGING .....	24



# VERKSEMDSTRATEGI FOR HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Hordalandsamfunnet er inne i ei rivande utvikling. Vi er eit av fylka med størst nasjonal verdiskaping og eksport. På fleire område er vi verdslaiande innan forskning og kompetanse, med eit internasjonalt retta næringsliv. Vi har gode bu- og oppvekstmiljø for våre snart 520 000 innbyggjarar, og prognosar tilseier at folketalet skal auke framover. Samstundes ser vi og andre utviklingstrekk som vil gje oss utfordringar, som klima og miljø, flyktningsituasjonen og strammare økonomisk utvikling både for privat og offentleg sektor.

Gjennom samfunnsoppdraget vårt utøver vi fire viktige roller: Vi er tenesteproducent og samfunnsutviklar, men også utøver av mynde. Og ikkje minst utgjer vi ein regional demokratisk arena med viktige politiske organ og oppgåver. Desse rollene må vi kontinuerleg utvikle. I samband med regionreforma er oppgave- og rolledeling innafor offentleg forvaltning og administrasjon óg i endring. Dette gjeld både staten, fylka og kommunane.

Hordaland fylkeskommune ønskjer å ta ein aktiv og tydeleg posisjon i arbeidet med å utvikle Vestlandet, og gjere

regionen attraktiv for innbyggjarar og tilreisande. For å sikre at vi kan ta hand om desse utfordringane og moglegheitene, har vi arbeidd med programmet «Førebudd på framtida», der ulike utviklings- og forbedringstiltak er gjennomførte. Vi skal vere ein effektiv organisasjon med kompetanse til å utføre oppgåvene våre slik at brukarane våre får nyttige tenester med høg kvalitet.

Fylkesrådmannen si leiargruppe har arbeidd med verksemdstrategien over ein periode. Det har sikra deltaking og innspel frå store delar av HFK-organisasjonen samstundes som strategien har modna. Tida er no inne til å setje mål og strategier ut i livet. Oppfølging av strategien og aktuelle tiltak vil vere sentrale i tida som kjem.

Skal vi kunne ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og regionen vår, må sektorane og einingane i fylkeskommunen utviklast i felles retning, der vi óg må prioritere tydelegare mellom ulike oppgåver og tiltak. Eg vonar at alle medarbeidarar vil medverke i dette arbeidet for å utvikle og styrkje arbeidsplassen vår, til beste for alle innbyggjarane i fylket vårt.

Bergen, september 2016

Rune Haugsdal  
Fylkesrådmann





# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## 1. SAMFUNNSOPPDRAGET VÅRT

### Vi utviklar Hordaland

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

## 2. VISJONEN VÅR

### Attraktiv og nyskapande

## 3. VERDIANE VÅRE

### Kompetent

Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.

### Offensiv

Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.

### I dialog

Vi samarbeider og er i dialog med, innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremjar vi samhandling og demokrati.

## DEI STRATEGISKE FORTRINNA VÅRE

Medarbeidarane i fylkeskommunen kjenner heile Hordaland. Vi har lokalkunnskap og ser heilskapen.





# DEI OVERORDNA MÅLA VÅRE

**1**

HFK skal vere pådrivar for regional utvikling i Hordaland og sikre nyskaping, berekraft og gode levevilkår.

**2**

I samarbeid med kommunar, næringsliv og innbyggjarar skal HFK levere effektive tenester, framtidsretta infrastruktur og rett kompetanse.

**3**

HFK skal utøve mynde slik at brukarene er sikra korrekt handsaming og rettvis avgjersler.

**4**

HFK skal setje viktige samfunnstema på dagsorden, og fremje regionale interesser og lokaldemokrati.



# HOVUDSTRATEGIANE VÅRE

**1**

Ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og Vestlandet

**2**

Prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester

**3**

Betre dialog og samhandling med kommunar, brukarar og andre aktørar

**4**

Styrkje økonomien til HFK for å sikre gjennomførings- evne og berekraft

**5**

Utvikle samarbeidet mellom avdelingane i HFK

**6**

Sikre rett kompetanse og god endringskapasitet i organisasjonen



NORDLYS





# EININGANE SINE MÅL OG STRATEGIAR





# KULTUR OG IDRETT

Vi er med på å utvikle eit rikt og mangfaldig kulturliv i Hordaland. Vi syter for at alle kan oppleve og ta del i tradisjonell og nyskapande kunst og kultur, idrett og fysisk aktivitet.

Vi vernar kulturminna og tar var på historia vår for framtida. I samarbeid med kommunar, institusjonar og frivillige utviklar vi kulturen og idretten til glede for alle.

Kultur- og idrettsavdelinga består av stab og fem fagseksjonar. Desse er fylkesarkivet, fylkesbiblioteket, fylkeskonservatoren, seksjon for idrett og friluftsliv og seksjon for kunst og kulturformidling.

## OVERORDNA MÅL 1

Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom brei samfunnsdialog leggje grunnlag for kultur som premiss for utviklinga av alle samfunnsområde

### Strategiar

- 1.1 Setje i verk Regional kulturplan for Hordaland 2015–2025 gjennom klåre prioriteringar og god koordinering
- 1.2 Systematisere samhandling med kommunar, institusjonar og organisasjonar i Hordaland og regionale, nasjonale og internasjonale aktørar på kultur- og idrettsfeltet

## OVERORDNA MÅL 2

Kultur- og idrettsavdelinga skal gjennom fagleg og økonomisk medverknad støtte opp under eit sterkt, profesjonelt og friviljug kulturliv i Hordaland

### Strategiar

- 2.1 Bruke tilgjengelege ressursar effektivt og ha tenlege verktøy i løysing av oppgåvene
- 2.2 Ha særskild merksemd på førebuing og oppfølging av politiske vedtak i god dialog med kultur- og idrettsfeltet

- 2.3 Sikre rett kompetanse og utvikle organisasjonen i tråd med dei utfordringane som til ei kvar tid er aktuelle på kultur- og idrettsfeltet

- 2.4 Styrkje samarbeidet i fylkeskommunen; mellom seksjonar og avdelingar

## OVERORDNA MÅL 3

Kultur- og idrettsavdelinga skal vere ein samfunnsutviklar og arbeide for å sikre eit rikt, aktivt og mangfaldig kulturliv med tilgang og deltaking for alle

### Strategiar

- 1.3 Leggje til rette for ein tydeleg, kunnskapsbasert kultur- og idrettspolitik som grunnlag for å forstå og styre utviklinga i Hordaland
- 1.4 Styrkje rolla som utviklar og medspelar i utviklinga av kultur- og idrettstilbod basert på møte med innbyggjarar og fagmiljøa, og forståing av varige og skiftande behov
- 1.5 Møte kultur- og idrettsfeltet med god tilrettelagt informasjon, tenlege, rettvise og tilgjengelege tenester





# OPPLÆRING

Vi syter for tilbod om opplæring til alle. Målet er å førebu til yrkesliv og høgare utdanning. Vi gir òg opplæring til alle med særskilte behov. Gjennom vidaregåande skular, fagskular, lærlingordning og vaksenopplæring gir vi Hordaland viktig kompetanse.

Opplæringssektoren består av opplæringsavdelinga, dei vidaregåande skulane, fagskulane, Manger folkehøgskule og Hyssingen produksjonsskole. Opplæringsavdelinga består av fire seksjonar. Desse er seksjon for fagopplæring, seksjon for skule, seksjon OT/PPT og seksjon fellestenester.

I tillegg kjem leiling og administrasjon for dei tre regionane: Region Sør/Voss Hardanger, region Sentrum/Nord og region Vest/Sunnhordland.

## OVERORDNA MÅL 1

Opplæring skal setje regional kompetanseutvikling på dagsorden og ruste innbyggjarane i Hordaland til å møte framtidige kompetansebehov

### Strategiar

- 1.1 Styrkje kunnskapsgrunnlaget for rette tilbod med rett dimensjonering
- 1.2 Styrkje samhandlinga med kommunane og med regionalt arbeids- og næringsliv

## OVERORDNA MÅL 2

Opplæring skal utvikle og sikre utdanningstilbod som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som svarar på behova i arbeids- og næringsliv

### Strategiar

- 2.1 Byggje ein framtidsretta skule- og tilbodsstruktur med rom for profilerte tilbod og med kapasitet for omstilling

## OVERORDNA MÅL 3

Opplæring skal medverke til at elevane og lærlingane utviklar kunnskap, dugleik og haldningar som gjer at dei kan meistre liva sine og delta i arbeid og fellesskap i samfunnet

### Strategiar

- 3.1 Sikre god gjennomføring og fagleg kvalitet gjennom tydeleg resultatfokus og systematisk kvalitetsvurdering og kvalitetsutvikling på alle nivå





# REGIONAL

Vi stimulerer til nyskaping, vekst og sysselsetting i Hordaland. Vi er ein pådrivar og støttespelar for kommunar og næringsliv, driv samfunnsutvikling og legg til rette for ei berekraftig forvaltning av naturressursane.

Regionalavdelinga består av stab, og fire fagseksjonar. Desse er seksjon for næring- og lokalsamfunnsutvikling, seksjon for plan, seksjon for forskning, internasjonalisering og analyse samt seksjon for klima og naturressursforvaltning.

## OVERORDNA MÅL 1

Regionalavdelinga skal medverke til ei heilskapleg og berekraftig utvikling og ressursforvaltning gjennom handlingsretta planar

### Strategiar

- 1.1 Styrkje klima- og folkehelseperspektivet i alle våre ansvarsområde
- 1.2 Nytte regional planstrategi som strategisk verktøy for utvikling av hordalandssamfunnet og fylkeskommunen
- 1.3 Styrkje dialog og medverknad i regional planlegging
- 1.4 Gjennom samordning av HFK sin samla aktivitet skal vi styrkje ønskt utvikling av regionale senter

## OVERORDNA MÅL 2

Regionalavdelinga skal medverke til eit robust og framtidssretta næringsliv

### Strategiar


- 2.1 Styrkje samarbeidet om entreprenørskap, innovasjon og kompetanse knytt til dei næringar der fylket har fortrinn
- 2.2 Utarbeide plan og medverke til å nå mål knytte til omstillingsarbeidet på Sør- og Vestlandet

## OVERORDNA MÅL 3

Regionalavdelinga skal, internt i HFK og ut mot kommunane i Hordaland, bidra til god kunnskaps- og kompetanseutvikling som over tid skal tene heile hordalandssamfunnet

### Strategiar

- 3.1 Mobilisere til auka kunnskapsproduksjon og kompetanseutvikling
- 3.2 Formidle relevant kunnskap til prioriterte målgrupper
- 3.3 Skaffe grunnlagsdata og analysar med høg kvalitet og relevans både internt og eksternt





# SAMFERDSEL

Vi har ansvar for at fylket har eit funksjonelt transporttilbod med bil, bane, båt og buss.

Vi driftar, planlegg og utviklar kollektivtilbodet og fylkesvegane for at folk skal reise trygt og miljøvenleg til jobb, skule og fritidsaktivitetar.

Samferdsel består av samferdselsavdelinga og Skyss. Avdelinga består av tre seksjonar. Desse er forvaltingsseksjonen, transportplanseksjonen og vegseksjonen.

## OVERORDNA MÅL 1

Samferdsel skal fremje regionale interesser i dialog med kommunane og andre viktige aktørar innan samferdselsområdet

### Strategiar

- 1.1 Utvikle dialogen med viktige aktørar
- 1.2 Arbeide aktivt inn mot sentrale styresmakter for å få realisert viktige nasjonale og regionale prosjekt i Hordaland
- 1.3 Vidareutvikle ei kunnskapsbasert forvaltning

## OVERORDNA MÅL 2

Samferdsel skal medverke til å sikre mobilitetsbehovet ved å vidareutvikle og forvalte eit føreseieleg, sikkert, miljøvenleg og framtidretta transportsystem

### Strategiar

- 2.1 Styrkje regionale sentra som transportknutepunkt
- 2.2 Vidareutvikle trafikktryggingsarbeidet for å medverke til å nå det nasjonale målet om færre drepne og skadde i vegtrafikken
- 2.3 Utvikle meir effektive og miljøvenlege løysingar innan båt- og ferjedrift

2.4 Sikre kollektivtilbod i distrikta

2.5 Sikre ei tilfredstillande drosjeteneste gjennom oppfølging og bruk av marknadsregulerande tiltak

## OVERORDNA MÅL 3

Samferdsel skal forvalte og utvikle fylkesvegnettet med vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald

### Strategiar

- 3.1 Styrkje vedlikehald av dagens fylkesvegnett
- 3.2 Styrkje tryggleik og framkomst på fylkesvegnettet

## OVERORDNA MÅL 4

Samferdsel skal arbeide for at veksten i persontrafikk i bergensområdet skal skje ved hjelp av gang, sykkel og kollektivtrafikk

### Strategiar

- 4.1 Styrkje utviklinga av eit konkurransedyktig, miljøvenleg og tenleg kollektivtilbod med best tilbod der folk reiser
- 4.2 Styrkje tilrettelegginga for å auke talet på syklistar og fotgjengarar i byområdet
- 4.3 Styrkje merksemda på tiltak for å redusere biltrafikken i bergensområdet







# TANNHELSE

Tannhelsetenesta i Hordaland fylkeskommune gir tannhelsetenester til alle under tjuve år. Vi behandlar psykisk utviklingshemma, mottakarar av heimesjukepleie, personar på sjukeheimar og rusavhengige. Vi har ein unik kompetanse som óg kjem vaksne betalande pasientar til gode.

Ved kompetansesenteravdelinga tilbyr vi spesialistbehandling og driv fagleg utvikling og forskning. Gjennom førebyggjande arbeid, forskning og behandling legg vi grunnlaget for god folkehelse i Hordaland.

Tannhelseavdelinga består av fylkestannlegen og staben. Tannhelsetenesta er organisert i seks tannhelsedistrikt – fem av desse gir allmenntannhelsetenester og det sjette (Tannhelsetenestas kompetansesenter Vest/Hordaland) gir spesialistbehandling og har ansvaret for rådgjeving, fagleg utvikling og klinisk forskning.

## OVERORDNA MÅL 1

Tannhelsetenesta skal sikre likeverdig tilbod til alle innbyggjarar i Hordaland

### Strategiar

- 1.1 Sikre gode og stabile økonomiske driftsvilkår for å ivareta høgt fagleg nivå og moderne klinikkar og utstyr
- 1.2 Vidareutvikle fylkesdekkjande funksjonar (TOO-team, tannlegevakt, narkosetilbod)
- 1.3 Styrkje leiaropplæring og -utvikling
- 1.4 Utarbeide planar som er felles for alle seks tannhelsedistrikt
- 1.5 Gjennomgå og revidere eksisterande samarbeidsavtalar med alle kommunar i Hordaland

## OVERORDNA MÅL 2

Tannhelsetenesta skal sikre gode fagmiljø på moderne tannklinikkar

### Strategiar

- 2.1 Gjennomføre klinikkstrukturplanen for Hordaland 2015 – 2030

- 2.2 Utarbeide ein opplærings- og kompetansehevingsplan for tannhelsetenesta i Hordaland

## OVERORDNA MÅL 3

Tannhelsetenesta skal gje eit godt spesialisttilbod og vere pådrivar for forskning i tannhelsetenesta

### Strategiar

- 3.1 Utarbeide ein overordna strategi for Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland
- 3.2 Utarbeide ein forskingsstrategi for Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland

## OVERORDNA MÅL 4

Tannhelsetenesta skal ha fokus på førebyggjande arbeid og på den måten bidra til betre folkehelse

### Strategiar

- 4.1 Sikre gjennomføring av plan for folkehelse og førebyggjande tiltak i tannhelsetenesta i Hordaland





# ØKONOMI OG ORGANISASJON

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har ansvar for at Hordaland fylkeskommune har ein tenleg organisasjon og kompetanse i høve til lovverk og samfunnsutvikling. Vi syter for felles verktøy i organisasjonen og sikrar god kommunikasjon internt og eksternt.

Gjennom styringsverktøya våre har vi oversikt over Hordaland sine ressursar og forvaltar fellesskapet sine verdiar på ein ansvarleg måte. I tillegg sikrar vi gode rutinar ved innkjøp, og vi tek hand om budsjett og rekneskap.

Økonomi- og organisasjonsavdelinga består av stab og seks fagseksjonar. Desse er budsjettseksjonen, fylkeskassen, HR-seksjonen, IT-seksjonen, innkjøpsseksjonen og kommunikasjonsseksjonen.

## OVERORDNA MÅL 1

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein aktiv samarbeidspartnar for fagavdelingane i Hordaland fylkeskommune ved å fremje internt samarbeid, søkje heilskaplege løysingar og levere kunnskapsbaserte tenester basert på profesjonell og effektiv drift

### Strategiar

- 1.1 Styrkje arbeidet med å vidareutvikle og profesjonalisere leveransar og tenester
- 1.2 Fremje intern samhandling og koordinering av aktivitetar

## OVERORDNA MÅL 2

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å sikre at Hordaland fylkeskommune har ein sunn og berekraftig økonomi basert på tenlege styringsverktøy og god økonomiforståing i heile organisasjonen

### Strategiar

- 2.1 Styrkje økonomien gjennom strammare budsjettstyring, tydelegare prioritering og god aktivitetsgjennomføring
- 2.2 Auke økonomikompetansen hos leiarane

## OVERORDNA MÅL 3

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for å rekruttere, utvikle og halde på den kompetansen som Hordaland fylkeskommune til ei kvar tid treng for å kunne utføre samfunnsoppdraget sitt

### Strategiar

- 3.1 Sikre rett og framtidretta kompetanse i organisasjonen
- 3.2 Auke HMS-kompetansen hos leiarane

## OVERORDNA MÅL 4

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal vere ein pådriver for å utvikle og modernisere Hordaland fylkeskommune gjennom effektive og framtidretta fellessystem og arbeidsprosessar med særleg merksemd på brukarorientering, kontinuerleg forbetring og gevinstrealisering

### Strategiar

- 4.1 Sikre tydelegare prioritering av prosjekt- og planarbeid i verksemda
- 4.2 Styrkje merksemda på kontinuerleg forbetring basert på tenlege arbeidsprosessar og risikovurdering

## OVERORDNA MÅL 5

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal leggje til rette for og sikre bruk av effektive avtalar med profesjonelle leverandørar av varer og tenester på alle verksemdområda i Hordaland fylkeskommune

### Strategiar


- 5.1 Styrkje oppfølginga av leverandørar med særleg vekt på økonomisk effekt av innkjøpa
- 5.2 Sikre auka bruk av rammeavtalar med tydelegare medverknad frå brukarane

## OVERORDNA MÅL 6

Økonomi- og organisasjonsavdelinga skal medverke til å styrkje omdømet til Hordaland fylkeskommune og arbeide for god intern og ekstern informasjonsflyt gjennom målretta og verdibasert kommunikasjon

### Strategiar

- 6.1 Styrkje kjennskapen til og kunnskapen om verksemda, med særleg vekt på kommunane
- 6.2 Leggje til rette for styrkt dialog med interne og eksterne brukargrupper og interessentar





# EIGEDOM

Eigedomsavdelinga er fagavdeling for byggje- og eigedomssaker. Avdelinga skal ivareta forvaltning, drift, vedlikehald og utbygging av fylkeskommunen sine eigedomar.

Eigedomsavdelinga består av stab og to fagseksjonar. Desse er utbyggingsseksjonen og driftsseksjonen.

## OVERORDNA MÅL 1

Eigedomsavdelinga skal utøve profesjonell forvaltning, drift, vedlikehald og utvikling som sikrar at heile eigedomsmassen fyller lovpålagte krav, politiske vedtak og brukarbehov.

### Strategiar

- 1.1 Sikre at eigedomsavdelinga har eller har tilgang til nødvendig kompetanse
- 1.2 Styrkje dialog med brukarar og premissleverandørar

## OVERORDNA MÅL 2

Eigedomsavdelinga skal sikre forsvarleg og strukturert forvaltning av eigedommar som fylkeskommunen nyttar

### Strategiar

- 2.1 Sikre kompetanse ved kjøp, sal, leige og andre avtalar knytt til eigedommar
- 2.2 Utvikle nødvendige system for oppfølging av leigeavtaler – innleige/utleige

## OVERORDNA MÅL 3

Eigedomsavdelinga skal utøve forsvarleg og verdibasert drift og vedlikehald av eigedomsmassen

### Strategiar

- 3.1 Ved bruk av utstasjonert driftspersonell, høg kompetanse og tekniske installasjonar skal optimal drift av bygningsmassen sikrast
- 3.2 Basert på kartlegging av vedlikehaldsnivå sikre at den framtidretta bygningsmassen oppnår vedlikehaldsgrad 1 (NS3424)

## OVERORDNA MÅL 4

Eigedomsavdelinga skal utøve ei offensiv og målretta utvikling av eigedomsmassen som på sikt gjev ein miljøvennlig og kostnadseffektiv bygningsmasse, tilpassa dei tenestene Hordaland fylkeskommune skal yte

### Strategiar

- 4.1 Vere offensiv med omsyn til å fremje miljøvenlege energiløysingar i samsvar med klimaplanen
- 4.2 Sikre at bygningane blir optimale med omsyn til areal- og ressursbruk
- 4.3 Gjennom standardisert byggjeprosess og prosjektoptimal byggekontrakt sikre at SHA (sikkerheit, helse og arbeidsmiljø), kostnadar og rett kvalitet blir ivaretekne





# BYBANEN UTBYGGING

Vi byggjer ut Bybanen i Bergen i samsvar med politiske vedtak, og har ansvar for prosjektering, anskaffingar og utbygging.

Bybanen utbygging består av stab for administrasjon og økonomi, juridisk stab og to avdelingar. Desse er avdeling for anskaffingar og totalentreprisar og avdeling for utbygging.

## OVERORDNA MÅL 1

Saman med samarbeidspartnarar skal Bybanen utbygging vere ein effektiv planleggjar og utbyggjar for å skape ein framtidretta infrastruktur

### Strategiar

- 1.1 Gjennom ein offensiv, handlekraftig og samarbeidsorientert tilnærming skal BU levere infrastruktur til beste for innbyggjarar og næringsliv

## OVERORDNA MÅL 2

Bybanen utbygging skal bidra aktivt som premisslevarandør og kompetansebank i utbyggjarrolla, og innanfor kollektiv- og infrastrukturutvikling

### Strategiar

- 2.1 Vere til stades og medverke med BU sin kompetanse i relevante fora
- 2.2 Utvikle rolla som profesjonell byggherre med høg attraktivitet hos dei beste leverandørane
- 2.3 Vere ein byggherre som er til stades, og som gjennom systematisk og effektiv kontroll sikrar at omsyn til helse, miljø og tryggleik blir etterlevd
- 2.4 Sikre at medarbeidarane til Bybanen utbygging har kompetanse til å syte for at arbeidet blir gjennomført og styrt slik kontraktane skildrar

## OVERORDNA MÅL 3

Bybanen utbygging skal utvikle og byggje ein framtidretta infrastruktur som skapar tilgjenge, openheit og framkome for alle

### Strategiar

- 3.1 Prosjektere og byggje ut bybane på ein føreseieleg måte innafør gjevne rammer for tryggleik, kvalitet, kostnad og tid
- 3.2 Vedlikehalde og utvikle prosjekteringskompetansen innan universell utforming gjennom å prioritere fagområdet

## OVERORDNA MÅL 4


Bybanen utbygging skal vere reieleg og påliteleg i arbeidet med å gjennomføre utbygginga

### Strategiar

- 4.1 Leggje til rette kontraktar med avtalevilkår slik at begge partar oppnår vinst med eit ærleg og ope samarbeid
- 4.2 Framheve verdien av å opptre reieleg og påliteleg i ekstern og intern dialog
- 4.3 Styrkje eit kunnskapsbasert og løysingsorientert kontraktarbeid
- 4.4 Hente dei beste leverandørane i marknaden for planlegging og bygging gjennom gode anskaffingsprosessar









HORDALAND FYLKESKOMMUNE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE





Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

